

From: Aase <asesleire@hotmail.com>
Sent: tirsdag 29. juni 2021 22.39
To: NVE Høringsuttalelser
Subject: Høringsuttale 202105591

Kommentarar til søknad om nedlegging av demning og nedtapping av vatna.

Kulturminne

Demninga som opprinneleg er over 170 år gamal er eit unikt kulturminne over den industrielle kulturen i Knarrevika.

Demninga er eit flott byggverk som ein bør ta vare på for ettertida.

Etter det me les i rapporten til Multiconsult viser dei til at demninga er i så dårleg forfattning at den vil være til fare.

I dag er vannstanden senka fleire meter, så det knapt sildrer vatn ut i overløpet i sidedemningen, og trykket på demninga er mindre.

Miljø

Vatna ligg som ei buffersone for Knarrevika/Hjelteryggen-område, med tanke på den nylege skogbrannen er dette særskild viktig å ta med.

Desse vatna bør ein ha i beredskap ved nye skogbrannar. Det såg ein når helikoptera henta vatn her ved skogbrannen som var i juni.

I tillegg bør ein ha vatna i beredskap som drikkevatt. Vatningsforbud i kommunen har me opplevd fleire gonger dei siste åra.

Multiconsult skriv i sin rapport frå 2016 at nedlegginga av demninga har liten til ubetydelig negativ konsekvens for den almenne interessa.

Dette er ein stor fornærming for oss som brukar området, og vi seier oss sterkt uenig i utalinga.

Vi føler oss heilt øvesett av Multiconsult som ikkje har kontakta nokon av oss som brukar området.

Det er eit heilt unikt rekreasjonsområde for nærmiljøet både sommar og vinter, med turstiar, badeplassar, skøytebane og skiløype.

I område rundt Storavatnet er det eit yrande fugleliv og ørret i vatnet, og dette bør ein og ta vare på.

Om demninga vert revent og vatnet tappa ned, vert det eit stort tap for alle oss som nyttar området.

Det vil dessuten verte svært skjemmande i naturen og alle vassledningane kjem til å ligge oppe i dagen.

Det er i tillegg ein fare med myra som kjem til å komme fram, som både ungar og dyr kan sette seg fast i.

Dagens nedtapping av vatnet har allereie eksponert dette i enkelte område.

Me håpar ein ser verdien av området og lar det vere som det er i dag, for oss som nyttar området no, og for dei som kjem etter.

Med vennleg helsing

Åse Sleire
Nils Ståle Rennedal
Kamilla Sleire Rennedal

Åsmund Sleire Rennedal
Kjetil Sleire Rennedal